

# Førde Venstre

- valprogram 2015 - 2019



venstre

## Folk først

Vi vil la gründeren skape

Å satse på læraren er å satse på eleven

Varm velferd handlar om pasienten og den som gir pleie og omsorg

Ei miljøvennleg framtid handlar om eit betre klima for oss og borna våre

## Miljø og utvikling

Førde Venstre vil:

- behalde ein rein Førdefjord, utan dumping av gruveavfall i Vevring
- arbeide for ein positiv vekst prega av eit «grønt skifte» også i Førde, der den grønne økonomien pregar energi- og næringspolitikken, dei kommunale investeringane og innkjøpa, samt ei grøn finansforvaltning
- arbeide for å få utarbeidd og vedteke ein heilskapleg sentrumsplan
- leggje til rette for å utvikle «sykkelbyen Førde», med samanhengane gang- og sykkelveggar
- verne om dei grønne lungene i sentrum og sikre Løken som parkområde



## Oppvekst

Førde Venstre vil:

- arbeide for ein barnehage- og skulestruktur som sikrar god kvalitet i utdanninga
- sikre ein god fagleg kompetanse i barnehagar og skular i Førde
- auke grunnbemanninga frå ein til to pedagogar på kvar barnehageavdeling
- arbeide for auka pedagogtettleik på småskulesteget
- sikre, og vidareutvikle, drifta av Ungdomshelsestasjonen
- leggje til rette for gode nærmiljøanlegg som gjev aktivitet både for unge og eldre
- arbeide for ein struktur i vidaregåande opplæring som tek utgangspunkt i kvar elevane bur og kva kompetanse næringslivet har behov for
- arbeide for utbygging av Sunde oppvekstsenter

## Samferdsle

Førde Venstre vil:

- arbeide for ein heilskapleg plan for E39, Rv5 og Rv 609 som tek omsyn både til gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk
- arbeide for eit godt rutetilbod på Førde Lufthamn, Bringeland.
- arbeide for godt sikre og vedlikehaldne kommunale vegar

## Helse og omsorg – unge og eldre

Førde Venstre vil:

- arbeide for at kommunen skal vere godt rusta til å møte behova i eldreomsorga, med bruk av velferdsteknologi og gi rom for individuell tilpassing
- leggje til rette for at barn, unge og eldre med spesielle behov, får tilbod om støttekontaktordning for å oppnå ei meningsfull fritid
- sikre ei god grunnbemanning på Helsetunet og auke bemanninga i heimetenesta
- gi god avlasting for eldre og funksjonshemma som får pleie av familien
- byggje ut tilstrekkeleg med servicebustadar for funksjonshemma og eldre
- byggje sentrumsleilegheiter for eldre – eldrekollektiv
- gje menneske med psykiske lidingar og rusproblem god oppfølging i eit godt bumiljø

## Kultur

Førde Venstre vil:

- oppretthalde og vidareutvikle Førdehuset som drivkraft og møteplass for kulturlivet i Førde
- arbeide for at kulturskulen vert lokalisert til Førdehuset
- arbeide for eit breitt kulturtilbod til ungdom gjennom Kulturskulen og Løa
- gjennom frivillige lag og organisasjonar arbeide for eit breitt kulturtilbod i kommunen som og legg til rette for å gje nye busette flyktningar ei god integrering i lokalmiljøet
- utvikle «nynorsk-byen» Førde som merkevare

## Arbeids- og næringsliv

Førde Venstre vil:

- arbeide for at Førde framleis skal vere fylket sitt handelssenter og styrkje Førde som region- og fylkessenter
- utvikle Øyrane og Moskog som eit variert industri- og næringsområde
- arbeide for å styrke og utvikle høgskuletilbodet, som saman med næringslivet kan fremje nyetableringar
- leggje til rette for nyetableringar gjennom starthjelp til gründarar (bruke SNU)
- sikre den kommunale eigarskapen i Sunnfjord Energi
- arbeide for at Førde sentralsjukehus framleis skal vere den leiande helseinstitusjonen i fylket
- vere positive til ei kommunesamanslåing i Sunnfjord
- at Førde kan auke talet på statlege arbeidsplassar

## Førde Venstre



1. Jan Taule



2. Gunn Merete Paulsen



3. Aleksander Åsnes

## Venstre sine lokallag i Indre Sunnfjord

### er samde om:

- rask utbygging og rassikring av E39 og Rv5
- Førde Sentralsjukehus sin status som sentralsjukehus
- å etablere ein felles høgskule på Vestlandet som tek vare på alle studiestadane
- å flytte investeringar frå fossil til fornybar produksjon
- betre gjenvinning av avfall
- samanhengande sykkel- og gangveg frå Naustdal, Sande og Vassenden til Førde
- Førde Lufthamn Bringeland skal satsast på for å sikre eit godt flytilbod
- felles reiselivssatsing basert på naturopplevingar
- kommunereform - vi høyrer i lag!

### Grunnsyn og ideologi – Folk først

Venstre byggjer sin politikk på dei liberale ideane der respekten for det einskilde mennesket står i sentrum. Alle menneska er frie og likeverdige, og i Venstre er vi opptekne av å setje folk først. Venstre skal formidle eit verdisyn bygd på vår kristne kulturarv, toleranse og humanistisk forståing i ei omskifteleg verd. Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn, der folk har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode liv, og vi tar ansvar for kvarandre og for miljøet.